

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 25.04.2017
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Linn Jonassen
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar 11.05.2017**

ARKIVSAK: 2015/1423
STYRESAK: **04917**

STYREMØTE: **11.05. 2017**

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
18.01.2017	Høyring – Rapport om «Seniorar og arbeidslivet – aldersgrenser og tilpassingar» <i>Rapporten er utarbeidd av eit parts samansett utval, som har hatt i mandat å vurdere spørsmål knytt til aldersgrensa for oppseiingsvern i arbeidsmiljølova og tilpassingar i arbeidslivet.</i>	Høyringsfrist 02.05.2017	
20.02.2017	Høyring – endring i abortforskrifta <i>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring eit forslag til endring i abortforskrifta for å legge til rette for at dei regionale helseføretaka skal kunne redusere tal på primærnemnder. Det blir også føreslådd at gravide som reiser for å delta ved behandling av abortbegjæring i nemnd, skal få dekkja sine reiseutgifter utan å betale eigenandel.</i>	Høyringsfrist 22.05.2017	
01.03.2017	Høyring – nasjonal strategi for digitalisering og bruk av BIM <i>Styret i Sjukehusbygg vedtok å sette i gong eit arbeid med ein strategi for å digitalisere og bruk av BIM, sak 16/2016. Prosjektrapporten blir no sendt på høyring til dei regionale helseføretaka.</i>	Høyringsfrist 27.04.2017	
07.03.2017	Høyring – endringar i kart- og planforskrifta, oppstartsfasen i planarbeidet	Høyringsfrist 06.06.2017	

	<i>Stortinget har gjort lovvedtak om endringar i plan- og bygningslova som berører oppstartsfasen i planarbeidet.</i>		
08.03.2017	Høyring – forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning <i>Kunnskapsdepartementet fastsette 6. januar 2017 forskrift om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrifta) med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular. Departementet føreslår no i tillegg endringar i § 4-1 og 7-13 i opptaksforskrifta.</i>	Høyringsfrist 01.06.2017	Høyringsbrev er sendt til HF-a
21.03.2017	Høyring – endringar i representasjonsregulverket <i>Forslaget gjeld reglane om dei tilsette sin rett til representasjon i føretak sine styrande organ.</i>	Høyringsfrist 02.05.2017	
21.03.2017	Høyring – forslag til endringar i legemiddellova <i>Forslaget gjeld avgiftar og gebyr på legemiddelområdet og unntak frå klagerett for vedtak om forhandsgodkjent refusjon.</i>	Høyringsfrist 02.05.2017	
23.03.2017	Høyring – rettleiande materiell for kommunane om førebygging av sjølvskading og sjølvsmord <i>Helsedirektoratet gav i 2014 ut «Handlingsplan for førebygging av sjølvsmord og sjølvskading 2014» som gir ein samla framstilling av mål og tiltak for å førebygge sjølvsmord og sjølvskading. Det nye rettleiingsmaterialet som sendast på høyring er eit av tiltaka i handlingsplanen.</i>	Høyringsfrist 27.04.2017	
27.03.2017	Høyring – utkast til standard for tenestebasert adressering del 3: Tenestetypar <i>Standard for tenestebasert adressering del 1 og 2 blei utarbeidd i 2016 og er fastsatt som standard. I arbeidet med del 1 og 2, blei det avdekka behov for tydelege krav til einskapleg bruk av tenestetypar i adressering. Difor utarbeidast det no ein del 3.</i>	Høyringsfrist 16.05.2017	
27.03.2017	Høyring - innspel til IKT temaplan for helse- og omsorgsavdelinga 2018-2021 <i>Eigersund kommune varslar oppstart av arbeidet med ny IKT temaplan for helse- og omsorgsavdelinga for perioden 2018 – 2021 og ønskjer innspel på kva dei bør prioritere innfor helse- og omsorgsavdelinga sin bruk av og satsing på IKT i denne perioden.</i>	Høyringsfrist 19.04.2017	Høyringssvar blei ikkje sendt
27.03.2017	Høyring – innspel til utarbeiding av temaplan Velferdsteknologi Eigersund kommune <i>Eigersund kommune skal utarbeide ein temaplan for velferdsteknologi for helse- og omsorgsavdelinga for</i>	Høyringsfrist 19.04.2017	Høyringssvar blei ikkje sendt

	<i>perioden 2018 – 2021 og ønsker innspel på kva dei bør prioritere innanfor velferdsteknologi i denne perioden.</i>		
28.03.2017	Høyring – nye tenestar i godkjenningssordninga Fritt behandlingsval <i>Nye tenestar for innføring i ordninga.</i>	Høyringsfrist 01.05.2017	Høyringsbrev er sendt til HF-a
03.04.2017	Høyring - endringar i barnelova og statsborgerlova <i>Føremålet for forslaga i høyringsnotatet er å motverke at det blir gitt feilaktige opplysningar om kven som er far for å oppnå norsk statsborgerskap for barn født i utlandet. Vidare er det også eit føremål å bidra til å sikre barna sine rettigheter.</i>	Høyringsfrist 23.06.2017	
21.04.2017	Høyring - endringar i legemiddelforskrifta og blåreseptforskrifta <i>Endringene som blir foreslått er basert på Legemiddelmeldinga (Meld. St. 28 (2015-2016)) og Prioriteringsmeldinga (Meld. St. 34 (2015-2016)). Stortinget har jf. Innst. 57 S (2016-2017) slutta seg til forslaga i Prioriteringsmeldinga om prinsippa for prioritering, som skal gjelde for spesialisthelsetenesta, for legemidlar finansiert over folketrygda og for fastlegenes samhandling med spesialisthelsetenesta. Denne høyringa inneheld forslag til endringar for å implementere prinsipp for prioritering i regelverket for legemidlar som er finansiert av folketrygda.</i>	Høyringsfrist 14.07.2017	